

Det Vestnorske Teateret har gleda av å tilby *Foreningen 2 foreldre* billetter til kr. 200 (ord. kr. 250) til

«**Løgn varar lengst**» av og med Aslak Moe

Laurdag 29/5 kl. 15.00, søndag 30/5 kl. 18.00, onsdag 2/6 kl. 18.00 og torsdag 3/6 kl. 18.00



Billetter kan du kjøpe her, eller du kan sende epost til [publikum@detvestnorsketeateret.no](mailto:publikum@detvestnorsketeateret.no) (ref. f2f)

<https://detvestnorsketeateret.eventim-billetter.no/webshop/webticket/shop?kassierer=webavtal&production=77>

Det byrjar med eit samlivsbrot. Aslak flyttar frå ei lita dotter for å leve ei annan stad, med ei anna kvinne. Så kjem det eit brev frå ein advokat. Aslak Moe er ein instruktør som har spesialisert seg i framsyningar som nyttar røyndommen som råstoff. Bak seg har han fleire produksjonar som formidla særers personlege møter mellom mennesket på scena og oss som sit i salen.

Frå si eiga erfaring med delt foreldreskap, eit møte med «Foreningen 2 Foreldre» og ein massiv research i norske foreldretvister, står no Aslak der med forteljinga om ein far - og ein splitta familie sitt møte med det norske rettsapparatet, politiet og påtalemakta. Med «Løgn varar lengst» tek Aslak sitt røyndomsprosjekt endå vidare med ei historie som har grepe så sterkt tak i han at han vil formidle den sjølv.

**NB! Etter framsyninga på søndag er du velkommen til panelsamtale med Geir Kjell Andersland, advokat og medlem av Barnelovsutvalget, advokat og spesialist i familierett Ingelin Morken Gundersen og regissør Aslak Moe. Moderator er teatersjef Solrun Toft Iversen.**